



Melding om vedtak

Tyrvelid Vassverk AS
Postboks 10

5501-HAUGESUND

Delegert sak nr. 15/322

Sakshands.	Saksnr.	Løpenr.	Gnr/Bnr	Dato
TOVEBR	2015/2918	18886/2015	99/849	21.10.2015

99/849 - Søknad om rammeløyve - pumpehus/vassverk

Løyve til tiltak, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 20-3.

TILTAK: Tilbygg/utviding av eksisterande Tyrvelid vassverk
TILTAKETS ADRESSE: Tyrvelid vassverk, Vågslid, 3895 EDLAND
EIGEDOM: Gnr. 99 bnr. 849 i Vinje kommune
ANSVARLEG SØKJAR: Cowi AS, Kobblerlagerstredet 2, 1671 KRÅKERØY
TILTAKSHAVAR: Tyrvelid vassverk, postboks 10, 5501 HAUGESUND
BRA/BYA (NS 3940): 47 m² / 37,8 m² (nybygg - tilbygg)

VEDTAK

- 1. Bakgrunn/utgreiing av tiltaket er gjeve jf. pkt.1 med underpunkt i saksutgreiinga.**
- 2. Ansvarsrett og godkjenning av føretak jf. pbl § 22-3 og § 23-1 i samband med tiltaket vert gjeve jf. pkt.2 med underpunkt i saksutgreiinga.**
- 3. Søknaden vert godkjent på fylgjande vilkår jf. pkt.3 med underpunkt i saksutgreiinga.**

Særskilte vilkår som ikkje er oppgjeve i pkt.3 i saksutgreiinga.

- Det må sendast inn søknad om igangsetting med ansvarsrettar for dei ulike fagområda før ein set i gang med bygningsmessige arbeid.



- Prosjektering av vatn og kloakk skal tilfredsstill kommunens standard abonnementsvilkår for VA, dette som et supplement til krav etter teknisk forskrift (TEK).
- Jf. Pbl § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå føremålet i gjeldande reguleringsplan – planens føresegner viser at området er regulera til fritidsbusetnad medan søknaden omfattar eit kommunalteknisk type bygg. Det er fornuftig å samle slike type bygg framfor å spreie dei utover planområdet.
- Det vert også gjeve dispensasjon frå PBL § 29-4 vedkomande plassering av bygning nærare eigedomsgrense enn 4 meter. Innsendt fråsegn frå grunneigar Ingvild Kåsa om rett til slik plassering, må tinglysast.

Kommunen rår til at eigedomane 99/849 og 99/629 vert slått saman til ein eigedom, dette jf. Matrikkellova § 18.

SAKSUTGREIING

1. Bakgrunn og beskriving

Referanse:

1.1 Reguleringsplan med reguleringsføresegner, planident 19970001 – Tyrvelid 99/6.

1.2 Tidligare byggjesak, saksmappenr. (j.nr.) 2001/709.

Grunnlag for handsaminga:

1.3 Søknad om løyve til tiltak etter pbl § 20-3 registrert 01.10.2015. Søknaden er dokumentert i samsvar med søknadsskjema datert 01.10.2015, jf. saksmappenr. (j.nr.) 2015/2918-1 med vedlegg.

1.5 Tiltaket gjeld oppføring av tilbygg til Tyrvelid vassverk. Nærare utgreiing av tiltaket er gjeve i søknadsskjema med vedlegg. Særskilt følgeskriv datert 02.10.15 – søknad om dispensasjon frå reguleringsføresmål.
Det har ikkje kome inn nabomerknadar til Vinje kommune innan fristen. Det er heller ikkje oppgjeve nabomerknadar frå ansvarleg søkar.

Tiltaket er vurdert til å vera i samsvar med reguleringsplan og intensjonane i denne. Dokumentasjon etter PBL § 21-2 synest å vere tilfredsstillande.

2. Ansvarsrett og godkjenning

2.1 Søknad om godkjenning av føretak som gjeve i vedlegg Gjennomføringsplan.
Søklar(ane) synest å ha oppfylt krav til godkjenning etter pbl og byggesaksforskriften

2.2 Søknad om ansvarsrett som gjeve i vedlegg nr. G1 og G2.
Søklar(ane) synest å ha oppfylt krav til godkjenning etter pbl og byggesaksforskriften



Ansvar i samband med tiltaket jf. PBL § 23-4 og § 23-5

	Ansvarsbelagde område innafor Prosjektering og Ansvarleg søkar	Tilt. kl.	Føretak m/organisasjonsnummer		God kj.
SØK	Ansvarleg søkjar	1	Cowi AS	Orgnr: 979 364 857	S
PRO	Overordna ansvar for prosjektering unnateke geoteknikk	1	Cowi AS	Orgnr: 979 364 857	S
PRO	Geoteknikk	1	GrunnTeknikk AS	Orgnr: 996 777 251	S

SØK = Ansvarleg søkar – PRO = Ansvarleg prosjekterande

S = Sentral godkjenning L = lokal godkjenning

Ansvarleg søkar og Ansvarleg prosjekterande sitt ansvar er gjeve i Forskrift om byggesak §12-2 og §12-3

3. Vilkår

- 3.1 Tiltaket må oppfylle tekniske rammevilkår som gjeve i pbl og forskrift om tekniske krav til byggverk.
- 3.2 Tiltaket skal ha ei god form, materialbruk og fargesetting, i seg sjølv og i høve omgjevnadene. Taktekkinga skal vere verk og ha matt verknad.
- 3.5 Krav til handsaming av avfall er gjeve i TEK10, Kap 9 og i forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (Avfallsforskrifta).
- 3.6 Før tiltaket vert teke i bruk må det søkast om ferdigattest eller midlertidig bruksløyve jf. PBL § 21-10, SAK10 §§ 8-1 og 8-2
- 3.7 Om tiltaket ikkje er påbyrja innan 3 år eller innstillast for lengre enn 2 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort jf. plan- og bygningslova § 21-9.
- 3.8 Handsamingsgebyr reknast etter regulativ:

Lokal godkjenning av 2 føretak med sentral godkjenning: 960,-
Løyve til tiltak – tiltak med BYA under 80 m²: 9.600,-
Arealgrunnlag: BRA/BYA = 47 m²/ 37,8 m².

Jf. Gebyrregulativ 01.07.2010 (sist oppdatert 01.01.2015) for byggesakshandsaming i kommunen. Gebyret skal vera betalt innan forfallsdato. Faktura vert ettersendt.

Orientering om renovasjonsordning og årlege kommunale avgifter ligg ved

Konklusjon

Vilkåra etter PBL § 20-1 med dokumentasjonskrav etter PBL § 21-2 synest å vere i orden, slik at det kan gjevast løyve til tiltaket i samsvar med PBL § 21-4.

Vedtaket kan påklagast innan 3 veker til Fylkesmannen i Telemark i samsvar med § 1-9 i plan- og bygningslova. Klaga skal sendast til Vinje kommune. Sakshandsamar kan gje nærare opplysningar om klageretten



Med helsing

Tove Bringsvær
byggesakshandsamar

Kopi til:

Cowi AS	Kobberslagerstredet 2	1671 KRÅKERØY
GrunnTeknikk AS	PB 37	3106 VEAR
Vinje kommune, TDV v/Knut Ringhus og Tone Nervold Midtbø		